

Forslag frå Jan Utkilen:

Eldrerådet i Øygarden kommune gjev følgjande høyringsuttale til postutvalet sin rapport om korleis posttenestene i Noreg kan tilpassast dei endra behova i samfunnet:

Eldrerådet er redd for at framlegget frå Postutvalet om at brevpost, som hovudregel skal utleverast til bestemte postpunkt, noko som vil gjere at mange grupper vil få problem med å få posten sin. Ein digital løysing kan for mange ikkje være eit alternativ. Mange vil og ha problem med å oppsøke eit postpunkt, som følgje av manglande tilgang til transportmiddel og lang reise. Postutvalet tilrår likevel ei løysing der den enkelte sjølv kan vurdere om dei har behov for at brev framleis vert levert til postkassen. Dette er ikkje gjort nærare greie for, men det føreset i det minste ei utkøyring i veka til postkassane eller at det vert innført i ei samordning med å få papiraviser i postkassen. Eldrerådet ynskjer likevel at dagens ordning vert ført vidare.

Postutlevering gjennom Dørterskeltenesta har vore mykje omtalt som eit vellukka samarbeidsprosjekt mellom fleire kommunar og Posten. Det har blant anna vore ein viktig bidragsytar for å kunne oppfylle intensjonane i reforma om å bu trygt heime. Det er å slå beina under reforma om denne ikkje vert ført vidare med statleg medverknad gjennom posten. Eldrerådet tilrår at ordninga vert innført over heile landet med minst eit besøk i veka.